

Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: torsdag 3. oktober 2019 11.09
Til: Postmottak Radøy
Kopi: Jarle Landås; Silje Aileen Hjortland Haukedal; Håkon Zakariassen; Christel Villanger Håland; 'Kvåle, Ida Loftesnes'
Emne: VS: Fløholmen småbåthamn
Vedlegg: Byggesak gbnr 2712 Kvalheim øvreFløholmen - småbåthamn - planstatus etter ny kommuneplan (313082).pdf

Med tilvising til følgende passus i Fylkesmannens brev av 01. 10. 2019 :

.....Samstundes viser vi til at Radøy kommune framleis har ei generell rettleiingsplikt, også når nokon vender seg til kommunen for å få avklart spørsmål som ikkje gjeld ei pågåande sak.....

sender eg meldinga mi av 19. 09. 2019 (sjå nedafor, med 4 generelle spørsmål, om 1. Delegasjon 2. Byggjegrænse 3. Kommuneplanen og 4 Fløholmen) på nytt, og minner samstundes om ubesvart melding av 17. 09. 2019 :

Vedlagde kart (frå 2015) med kommuneplankart 2019 lagt under viser at ei ca. 10 m brei sone langs vesthjørna av industribygget er **omgjort frå land til hav**. Korleis kan dette forklarast ?



Det høyrer til kommunens rettleiingsplikt å svara på slike generelle spørsmål relatert til kommunens forvaltningspraksis.

Mvh
Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921

Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: 13. september 2019 14:26
Til: Radøy kommune <postmottak@radoy.kommune.no>
Kopi: Håkon Zakariassen (<post@flohollen.no> <post@flohollen.no>); 'Christel Villanger Håland' <christel@villanger.net>; 'Jarle Landås' <Jarle.Landas@radoy.kommune.no>
Emne: Fløholmen småbåthamn

Kommunens brev av 11. 09. 2019, ref. 18/1814 – 19/13007 (vedlagt til kopiadressatar).

Brevet reiser fleire spørsmål :

Delegasjon

Kommunen skriv at «...adm. har delegert mynde i **ordinære** byggjesaker..... det har **difor** ikkje vore aktuelt å fremje rammesøknadfor politisk handsaming....Søknad....er avvist og **kan** ikkje handsamast...»

Eg vil be om å få tilsendt kommunens delegasjonsreglement.

Byggjegrænse

Ei byggjegrænse avgrensar byggplassering. Lovverket anviser generelle byggjegrænser : 4 meter eller halve bygghøgda mot nabogrænse, varierende krav langs offentleg veg, og 100 meter mot strand. Dei generelle grænseane kan avvike i plan eller dispensasjon.

Kommunens oppteikning og omtale av byggjegrænse (**i sjø ??**) er i strid med generelle lovreglar, forskrifter og vanleg rettsopfatning.

Kan kommunen visa til heimel for avvikande oppfatningar og praksis ?

Kommuneplanen

Den temareviderte kommuneplanen fokuserer spesielt på strandsoneproblematikk, rimelegvis av di tidlegare kommunale teoriar og praksis har hamna på viddene og skapt forvirring innan både administrasjon og politikk.

Eg oppfattar temarevisjonen som avklarande :

- I næringsområde grensande mot sjø er byggjegrænse samanfallande med strandlina
- I småbåthamn er byggjegrænse (??) samanfallande med føremålsgrænse (dvs at heile området kan nyttast til føremålet)
- For Fløholmen er det formulert eiga føresegn om landaktivitet direkte relatert til småbåthamn.

Administrasjonens omtale av den temareviderte kommuneplanen framstår som misvisande, og utsnittet av plankartet er i strid med tilhøyrande planomtale og føresegner.

Eg vil be om å få tilsendt tilsvarande kartutsnitt av alle småbåthamnene i kommuneplanen :



Fløholmen

Omsøkt flytebyggje er ei forlenging av den etablerte - i ly av Grønholmen - med båtopptrekk og transportveg til bygg og uteareal langs stranda vest for dei etablerte industribygningane. Eksisterande industrikai ved enden av fylkesvegen skal vera operativ, som i dag, dvs. at sjøarealet utafor må haldast ope - som tilflotsareal til kaien.

Den kommunale oppteikninga av byggjegranser over sjø og land speglar ei oppfatning av sjøområdet langs industritomta som **delbart** mellom flere «operatørar». Dette er ikkje tilfelle.

Frå grunneigarhald på Kvalheim har det vore hevda at «Grønholmen er felles for Kvalheim». Deler kommunen framleis denne oppfatninga ?

Mvh
Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921